V Å G Å F J E L L S T Y R E M Ø T E B O K

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
F932	Knut Øyjordet	08.12.17	34/17

SØKNAD OM BYGGING AV NYTT UTHUS PÅ SETRA – SVEIN TORE BJØRKLUND

Saksdokument:
E-post med vedlegg frå Svein Tore Bjørklund av 08.10.17 til fjellstyret.

Saksutgreiing:
Svein Tore Bjørklund søkjer om å bygge eit nytt uthus på setra på Russtangen fordi eksisterande uthus er falleferdig. Dette er på ca. 9 m2, og er i minste laget. Han søkjer difor om å byggje eit større uthus, på ca. 24 m2, og som inneheld skåle/lager, utedo og eit soverom. Det er berre eitt soverom i eksisterande hytte, og han skriv i søknaden at behovet er større. Han kunne derfor tenkt seg eit soverom i uthuset, som ein også kunne nytta ved ei eventuell renovering av seterstua. Det nye uthuset blir med vanleg røsta tak og stav-liknande kledning, og er tenkt plassert rett nedanfor eksisterande uthus. Alternativt på øvre del av tomta, litt aust for eksisterande uthus.

Bjørklund skriv elles i søknaden at han har dreve seterkvea sjølv i tre år (2014-2016), og seld fòret. Han begynte også å sette opp nytt gjerde rundt kvea i 2016, og satsa på å få fullført dette i 2018. Frå 2017 leiger Øyvind Fjellheim seterkvea (for 10 år).

På setra står det to bygg, det nemnde uthuset (bygd i 1963) og seterstua, som er på ca. 55 m2 (bygd i 1962).

Vurdering:
Setra har vore i bruk av seterbrukaren dei siste åra til og med i fjor. Frå i år har han leigd bort seterkvea til naboseterbrukaren, og setra er difor ikkje definert i bruk etter reglane i seterforskrifta. Etter § 11 i seterforskrifta står det m.a. at ”På seter som ikkje er i bruk, men som ikkje er fallen i det fri, kan seterbrukaren halde husa vedlike på ordinært vis”.

Det er behov for eit nytt uthus sidan det eksisterande er falleferdig. Dette er berre på ca. 9 m2, og det er forståeleg at det blir søkt om å få sett opp eit større uthus for å dekkje behovet for lagerplass, skåle og do. Ønskje om eit soverom i tillegg er fordi det berre er eitt soverom i seterstua. Bjørklund har planar om renovering av seterstua, men er fullt klar over at det ikkje er mogleg med ei vesentleg utviding av denne når setra ikkje er definert ”i bruk”. Å innreie eit lite rom til soverom i nytt uthus kan difor vera ei løysing, og som må kunne aksepterast sidan det berre er eitt soverom i seterstua.

Innstilling til vedtak:
Fjellstyret gjev Svein Tore Bjørklund løyve til å byggje eit nytt uthus på inntil 24 m2 (utvendig mål) på setra som erstatning for eksisterande uthus på ca. 9 m2. Bjørklund leigde bort seterkvea frå 2017 til ein naboseterbrukar, og setra er difor pr. i dag definert ”ikkje i

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no

bruk” etter reglane i Seterforskrifta. Fjellstyret er klar over at seterforskrifta ikkje opnar for utviding av bygningar på ei seter som ikkje er i bruk. Men sidan eksisterande uthus er lite, så meiner fjellstyret at bygging av eit større uthus kan aksepterast slik at behovet for både skåle, lager og do blir dekt. Fordi sjølve seterstua har berre eitt soverom, og det ikkje vil bli gjeve løyve til vesentleg utviding av denne når setra ikkje er definert ”i bruk”, så godkjenner fjellstyret at det blir bygd eit uthus der det også kan bli innreidd til eit soverom. Det blir ikkje gjeve løyve til pipe på uthuset. Fjellstyret har ingen merknader til at det nye uthuset blir plassert nedanfor eksisterande uthus eller litt austafor.

Løyve blir gjeve under vilkår av at Statskog ikkje har nokon merknad. Løyve er heller ikkje å oppfatte som byggjeløyve etter plan- og bygningslova, og det må difor innhentast løyve frå kommunen.

Vedtak:
Samrøystes: Som innstillinga.

Rett utskrift. Går til:
Svein Tore Bjørklund
Statskog v/Trond Berger
Vågå kommune

Vågåmo, 08.12.17

Knut Øyjordet (e.f)

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no